

Utval: Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad: Møterom 1322, Fylkeshuset
Dato: 08.06.2016
Tidspunkt: 10:15 – 14:45

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kåre Ystanes	Leiar	PF
Monrad Reigstad	Medlem	PF
Gunda Falao Sparre	Nestleiar	LOP
Odd Himle	Medlem	
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Else Berit Helle	Inger Sjong	FL H/FRP/V/MDG

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Arild Sondre Sekse	Seniorrådgjevar / fung. rådssekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 21/16	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 22/16	Godkjenning av sakliste		
PS 23/16	Godkjenning av møteprotokoll 14.04.2016	2016/5404	
PS 24/16	Referatsak (meldingar)		
RS 7/16	Orientering om fylkeskommunen sitt arbeid relatert til fylkeseldrerådet v/ Fylkesrådmannen	2016/1634	
RS 8/16	Orientering frå Vestlandskonferansen (fylkeseldreråd) 26.-27. april 2016	2016/1620	
RS 9/16	Orientering frå Landsmøte for fylkeseldreråd på Lillehammer 30/6 - 1/6 2016	2016/1625	
RS 10/16	Status program for eldrerådskonferansen 1.-2. november	2016/1627	
RS 11/16	Plan for årsmelding Hordaland fylkeseldreråd for 2015 og vidare	2016/5375	
RS 12/16	Orientering frå Arbeidsutvalet om budsjett/økonomi for fylkeseldrerådet	2016/5376	
RS 13/16	Opplæring i elektronisk sakshandsaming ePolitiker	2015/11450	
PS 25/16	Nasjonal transportplan 2018-2029 - invitasjon til å gi innspel	2016/5373	
PS 26/16	Ymse Orientering frå Omsorgsteknologikonferansen 24.05.2016 Orientering frå møte om HFK sin handlingsplan for likeverd, likestilling og inkludering 20.05.2016		

PS 21/16 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.06.2016

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknadar.

PS 22/16 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.06.2016

Vedtak

Sakliste vart godkjent utan merknadar.

PS 23/16 Godkjenning av møteprotokoll 14.04.2016

Forslag til vedtak

Møteprotokollen frå Fylkeseldrerådet sitt møte 14.04.2016 vart tatt til orientering.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.06.2016

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 14.04.2016 vart godkjent utan merknadar.

PS 24/16 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.06.2016

I samband med RS 7/16 "Orientering om fylkeskommunen sitt arbeid" fortalde **fylkesrådmann Rune Haugsdal** om status i prosessen vedrørende regionreforma, arbeidet med HFK sin verksemdstrategi og om arbeid med regional planstrategi. Haugsdal sin ppt-presentasjon vert utsendt til medlemene.

Vedtak

Med merknaden over vart referatsakene 7-13/16 tekne til orientering.

RS 7/16 Orientering om fylkeskommunen sitt arbeid relatert til fylkeseldrerådet v/ Fylkesrådmannen

RS 8/16 Orientering frå Vestlandskonferansen (fylkeseldreråd) 26.-27. april 2016

RS 9/16 Orientering frå Landsmøte for fylkeseldreråd på Lillehammer 30/6 - 1/6 2016

RS 10/16 Status program for eldrerådskonferansen 1.-2. november

RS 11/16 Plan for årsmelding Hordaland fylkeseldreråd for 2015 og vidare

RS 12/16 Orientering frå Arbeidsutvalet om budsjett/økonomi for fylkeseldrerådet

RS 13/16 Opplæring i elektronisk sakshandsaming ePolitiker

PS 25/16 Nasjonal transportplan 2018-2029 - invitasjon til å gi innspel

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeseldreråd vedtek slik uttale til Nasjonal transportplan 2018-2029:

- 1.
- 2.
- 3.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.06.2016

Saka vart lagt fram utan forslag til vedtak.

Vedtak

Hordaland fylkeseldreråd vedtek slik uttale til Nasjonal transportplan 2018-2029:

1. Fylkeseldrerådet i Hordaland vil særleg framheva kapitlet «Universell utforming» (kapittel 10) som ein viktig del av Nasjonal Transportplan 2018-2029 (NTP) sett frå fylkeseldrerådet sin synsstad. Fylkeseldrerådet støttar NTP si vektlegging av arbeidet med universell utforming slik det kjem til uttrykk i dette kapitlet
2. Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at å gjera det lettare å nytta kollektivtransport som buss og jernbane, men også fly, har mykje å seia for i kva grad folk kan og vil nytta kollektive transportmidlar
3. Fylkeseldrerådet i Hordaland vil understreka at god, trygg og enkel tilgjenge til transportmidlar er til føremøn for alle, ikkje berre for eldre og rørslehemma. Rådet vil særleg nemna desse tiltaka som viktige: låge trinn i flukt med plattform på buss og tog, og heis i jarnbanestasjonar med fleire nivå for tilkomst til plattformane. På flyplassar må det leggjast til rette for tilførsel utan trapper til flya, og der det er lange avstandar for å nå terminalane må det installerast rulleband.
4. Fylkeseldrerådet i Hordaland sluttar seg til formuleringa i NTP sitt kapittel 10 om at «trafikanter [har] behov for god informasjon om reisen og enklere billettering med universelt utformede billettautomater» og «trygghet og sikkerhet på reisen.» Vidare meiner fylkeseldrerådet at honnørbillettordninga må oppretthaldast.
5. Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner dessutan at det må byggjast gangvegar og sykkelvegar langs hovudvegane samstundes som hovudvegane blir bygde. No som fleire og fleire eldre og yngre tek i bruk elektriske rullestolar og elektriske sykklar, er det viktig at vegsystemet er lagt til rette for slike transportmiddel/ køyretøy.
6. Når det gjeld vegstandard, særleg i distriktsnorge, må Statens vegvesen arbeide for at vegane blir vedlikehaldne og er trafikksikre. Fylkeseldrerådet er vidare samd i at Statens vegvesen må trappe opp trafikksikringstiltak for eldre over 75 år.

PS 26/16 Ymse

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.06.2016

Desse sakene vart tekne med under «Ymse:»

Orientering frå Omsorgsteknologikonferansen 24.05.2016 v/ nestleiar **Gunda Falao Sparre**. Sparre la fram eit referat som vert sendt til medlemene.

Orientering frå møte om HFK sin handlingsplan for likeverd, likestilling og inkludering 20.05.2016 v/ medlem **Inger Lingjerde**. Etter denne orienteringa vart fylkeseldrerådet samde om å krevje at fylkesadministrasjonen legg «Handlingsplan for likeverd, likestilling og inkludering i Hordaland fylkeskommune» ut på høyring før planen vert vedteken.

Vedtak

Med merknadane over tok fylkeseldrerådet desse sakene til orientering.